

Jordet

Av Knut Raastad, 2017



Jordet gnr. 73 bnr. 3 ligg i Nordherad aust for Valbjør og vart frådelt frå Valbjør med skylddeling i 1917. Skjøte til Hans P Kleiven for kr 3000,- er frå 1919.

Hans Kleiven 1884-1966 var frå øvre Kleiven som ligg i almenningsområdet i Nordherad, foreldra var Paul Eriksen Stokstadeie 1842-1934 og Brit Hansdotter Sønstelien (Holshaugen) 1844-1912. Hans Kleiven vart 1907 gift med Mari O Sveen 1887-1972, dei hadde barna:

Ola 1912-1986, g.m. Ragna Ø Steine 1906-1976. Gårder i Heidal.

Borghild 1908-1990, g.m. Pål A Hagen 1908-1986. Myrvang i Heidal.

Pål f.1914, g.m. Ragnhild Høgberget f.1918. I Uppstad.

Marit 1916-1990, g.m. Peder P Kleiven 1912-1994. Søre Kleiven i Heidal.

Mari 1920-1992, g.m. Sigurd Ryen f.1919. På Rydland.

Anna 1924-1985, neste brukar

Harald f.1926, g.m. Marie Dybdalen f.1929. Jordet på Murudalen, Heidal.

Gunnar f.1928, g.m. Kari Dahl. På Otta.

Anna Kleiven (Jordet) vart 1944 gift med Hans Lusæter f.1920 son til Even Lusæter og Olea f. Rindhølen. Anna og Hans overtok i 1947, dei hadde 4 barn:

Mildrid f.1945, g.m. Edvin Bakke 1942-1968, g.2.m. Erling Olsen. I Bjørviken.

Even f.1948, g.m. Magnhild Margrete Gravseth (Lesja) f.1947. På Avdem Lesja.

Harald f.1954, g.m. Gro Galstad

Ola f.1956, neste eigar

Ola Lusæter f.1956 vart 1984 gift med Liv Mari Rindsæter (Heidal) f.1960 dotter til Lars Rindsæter f.1928 og Marit Rusten f.1925. Ola overtok etter faren i 1979. Ola og Liv Mari har 1 barn:

Lars André f.1984

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

Opplandarkivet Vågå: familieark, avskrifter grunnbok, pantebøker mm.

Gards- og slektshistorie for Heidal.